



FITJAR KOMMUNE

Postboks 83

5418 FITJAR

Saksbehandlar, innvalstelefon

Nicolas J. I. Rodriguez, 5557 2184

Arve Meidell, 5557 2110

Silje Elvatun Sikveland, 5764 3136

Hilde Solend Vindedal, 5557 2328

Solveig Roald Kalvø, 5557 2327

Jorunn Fotland, 5557 2269

Eirik Brynjelsen, 5557 2170

Fråsegn til planprogram i samband med rullering av kommuneplanen sin arealdel - Fitjar kommune

Vi viser til brev 05.07.2023 frå Fitjar kommune gjeldande offentleg ettersyn av planprogram for kommuneplanen sin arealdel (dykkar ref. 2022/1295). Fitjar kommune har gjeve utsett frist til og med fredag 15.09.2023.

Vi har tidlegare gjeve råd og innspel til Fitjar kommune i samband med møte i regionalt planforum, den 13.06.2023.

Gjeldande kommuneplan for perioden 2011-2022 blei vedtatt 20.06.2012 (Nasjonal arealplanid: 4615_201002). Fitjar kommune ønskjer no å rullere arealdelen. Arealplanen skal gjelde for heile kommunen og vise samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 11-5. Arealdelen til kommuneplanen femner om plankart, føresegner og planskildring, som også skal gjere greie for korleis «nasjonale mål og retningslinjer» og omsynet til overordna planar for arealbruk er ivaretatt, jf. pbl. §§ 11-1 og 11-5 andre ledd.

Kommunen skal ha ein samla kommuneplan som femner om samfunnsdel med handlingsdel og arealdel, jf. pbl. § 11-1. Fitjar kommune har vedtatt kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 i sak PS 55/20, 30.08.2020. I utkast til planprogram (15.06.2023) for rullering av KPA, så er det vist til at følgjande tema skal konsekvensutgreiast:

AREAL

- Store byggeområde
- Nye næringsområde
- Kraftproduksjon
- Behov for nye skular, bygg til eldreomsorga og barnehagar
- Sjøområde
- Tiltak i strandsona

E-postadresse:

sfvlpost@statsforvalteren.no

Sikker melding:

www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:

Njøsavegen 2

6863 Leikanger

Besøksadresse:

Njøsavegen 2, Leikanger

Statens hus, Kaigaten 9, Bergen

Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00

www.statsforvalteren.no/vi

Org.nr. 974 760 665



- Dyrka, dyrkbar mark og skog
- Naturmangfald, sårbart eller truga marint dyre- og planteliv

INFRASTRUKTUR

- Vatn og avløp
- El-kraft og breiband
- Veg og vegnett, sykkelveggar, fortau

BORN OG UNGE

- Tilrettelegginga av nærområde
- Uteareal og leikeområde

MILJØ OG KLIMA

Skader på areal, bygg, anlegg og konstruksjonar grunna ekstremvær og havnivåstigning.

- Område som kan vere eit naturfareområde etter NVE rettleiar
- Ureining til jord, luft, vatn
- Støy
- Utslepp frå fartøy, industri og anna verksemd

KULTURMINNER OG KULTURMILJØ

- Areal med lokale, regionale og nasjonal kulturminneverdiar, kulturmiljø og landskapsidentitet

I samfunnsdelen 2020-2040 har Fitjar kommune peika ut folkehelse, berekraftig utvikling og barn og unge, som gjennomgåande tema for planen. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 skal som kjent leggjast til grunn for arbeidet med rulleringa av kommuneplanen, jf. pbl. §§ 3-5 og 6-1. Noreg har slutta seg til 2030-agendaen med 17 mål for å fremje ei sosialt, miljømessig og økonomisk berekraftig utvikling. Forventningane gjev retning for korleis berekraftsmåla kan følgjast opp, men dekkjer ikkje alle områda der den kommunale planlegginga kan bidra. Det er difor viktig at Fitjar kommune nyttar planprosessen i samband med rulleringa av KPA til å drøfte vidare korleis berekraftsmåla kan følgjast opp.

Når det gjeld endringar av gjeldande arealplanar skal det gjerast ei særskild vurdering av, og ei skildring av planen sine verknader for miljø og samfunn, jf. pbl. § 4-2 og konsekvensutgreiingsforskrifta (FOR-2017-06-21-854) §§ 6 og 18. Konsekvensutgreiinga skal skildre verknader som utbygging i nye område-, eller vesentleg endra arealbruk i utbygde område kan få for miljø og samfunn. I tillegg skal det også gjennomførast ei vurdering av verknaden av dei samla arealbruksendringane som det vert lagt opp til i arealdelen til kommuneplanen. I konsekvensutgreiinga skal det også gjerast greie for kva forhold som skal avklarast og belysast nærare i seinare regulering av områda, jf. pbl. § 11-9 nr. 8 og konsekvensutgreiingsforskrifta § 18.

Konsekvensutgreiinga skal gje ei grunngeving for fastsetjing av verdi, påverknad og konsekvens for relevante klima- og miljøtema. Både positive og negative verknader må framstillast på ein klar måte, slik at det utgjer eit reelt grunnlag for avgjerder om arealbruk. Konsekvensutgreiingsforskrifta § 14 legg til grunn at det blir gjort greie for vurderinga av planalternativ – «relevante og realistiske alternativ» - i samband med planprogrammet. Vidare er det vist til at:

«Konsekvensutredningen skal også redegjøre for de alternativene til utforming, teknologi, lokalisering, omfang og målestokk som forslagsstilleren har vurdert, og en utredning av relevante og realistiske



alternativer. Valget skal begrunnes mot de ulike alternativene, og sammenligninger av virkningene for miljø og samfunn av de ulike alternativene skal fremgå», jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 19 andre ledd.

Dersom det blir lagt opp til strategiar for framtidig arealbruk, så skal desse også vurderast med omsyn til korleis dei kan påverke miljø og samfunn. Utgreiingskrava er også presiserte i nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, punkt 18: «I konsekvensutgreiingar skal alternativ, samla verknader av føreslegen arealbruk og sumverknader vurderast».

Miljødirektoratet har utvikla rettleiingsmaterial og ei handbok for konsekvensutgreiing av klima- og miljøtema (M-1941), for å sikre at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planprosessen.

Handboka til Miljødirektoratet er tilgjengeleg her:

[Konsekvensutredninger for klima og miljø - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://miljodirektoratet.no)

Kommunal- og distriktsdepartementet har elles òg utarbeidd rettleiing til arbeidet med arealdelen til kommuneplanen (18.03.2022): [Kommuneplanens arealdel - regjeringen.no](https://regjeringen.no)

Plan- og bygningslova § 4-1 viser til at ein i planprogrammet også gjer greie for kva alternativ som vil bli vurdert, og behovet for utgreiingar. Planprogrammet skal klargjere tema som er aktuelle i arbeidet med arealdelen. I løpet av prosessen med utarbeiding av arealdelen vil det også kunne kome inn forslag til ny og endra arealbruk som kommunen må ta stilling til. Dersom det manglar informasjon om viktige forhold, så skal slik informasjon innhentast i løpet av planprosessen, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 17.

Det blir difor viktig at kommunen som planmyndigheit - på bakgrunn av høyringar i planprosessen og ut frå egne vurderingar – tek stilling til om det er behov for tilleggsutgreiingar eller ytterlegare dokumentasjon, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 27. Det er då viktig at det ved presentasjon av planforslaget også blir gjort greie for eventuelle kunnskapsmanglar og uvisse i samband med utgreiinga, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 22. Resultat frå konsekvensutgreiinga – verdi, påverknad og konsekvens for samfunns-, klima- og miljøtema – og korleis dette er lagt til grunn for avgjerdene i planen, må gå klart fram av det endelege forslaget. Utgreiingar og feltundersøkingar i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet skal følgje kjent metodikk og skal utførast av personar med relevant fagleg kompetanse.

Planprogrammet skal leggjast til grunn for gjennomføring av konsekvensutgreiingsarbeidet, jf. pbl. §§ 4-1 og 4-2 andre ledd. Konsekvensutgreiinga gjeld verknaden planen kan få på det overordna nivået. Det skal leggjast fram avgjerdsrelevant kunnskap og informasjon, som skal gjere det mogleg å ta stilling til om det planen legg opp til lèt seg gjennomføre, og eventuelt på kva vilkår planen kan gjennomførast.

Vi har elles følgjande innspel til planprogrammet som er til offentleg ettersyn:

Samfunnstryggleik og risiko- og sårbarheitsanalyse

Kommunane skal fremje samfunnstryggleik i planlegginga si, jf. m.a. [plan- og bygningslova](#) (pbl.) § 3-1 bokstavane f, g og h. Pbl. § 4-3 stiller difor krav om utarbeiding av ROS-analyse i alle (areal-)plansaker, samt krav til handtering av risiko i plan. ROS-analysen skal vise risiko og sårbarheit som har verknad for spørsmålet om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Utsette område skal merkast av som omsynssoner i plankartet, jf. pbl. § 11-8, og følgjast opp med tilhøyrande og naudsynte krav i planføresegnene.



Det er viktig at ROS-analysen vert utarbeidd på eit så tidleg stadium av planprosessen at den blir eit reelt og nyttig avgjerdsstøtteverktøy for kommunens styring av den framtidige arealbruken.

[Byggteknisk forskrift \(TEK17\)](#) med rettleiing¹ definerer kva som er akseptabel risiko for m.a. flaum og skred, medan t.d. DSBs rettleiarar «[Veileder om sikkerheten rundt storulykkevirksomheter](#)» og «[Sikkerheten rundt anlegg som håndterer brannfarlige, reaksjonsfarlige, trykksatte og eksplosjonsfarlige stoffer](#)» omhandlar kriteria for akseptabel risiko knytt til verksemdsbasert aktivitet. For andre tema må kommunen sjølv ta stilling til kva som er akseptabel risiko (fastsetje sikkerheitsmål) og både gjere greie for og grunngje dette valet.

Alle risiko- og sårbarheitstilhøve skal som hovudregel merkast med omsynssone på plankartet, og krav til risikoreduserande tiltak skal gå fram av planføresegnene.

Fitjar kommune har i planprogrammet skildra utfordringar og kunnskapsgrunnlag knytt til naturfare på ein oversiktleg og grei måte, og vil i tillegg leggje kommunens heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse frå 2022 til grunn for arbeidet med ROS-analysen til kommuneplanen sin arealdel.

Med atterhald om kva som ev. er vurdert i den heilskaplege ROS-analysen og som vil verte vidareført i arealplan-ROS, så saknar vi likevel ein omtale av verksemdsbasert risiko og eventuelt viljestyrt hendingar i planprogrammet. M.a. DSBs FAST-database vil kunne vere ei nyttig informasjonskjelde i tillegg til lokalkunnskap hjå t.d. naudetatane.

På kommuneplannivå er kravet at kartlegginga skal gjerast på aktsemdsnivå i motsetnad til på reguleringsplannivå der kartlegginga skal utførast på farenivå, dvs. fullstendig kartlegging av reell fare og sårbarheit. Det er likevel eitt viktig unntak frå denne regelen. Dersom det skal kunne byggjast ut direkte på bakgrunn av KPA, t.d. i areal sett av til «*LNF spreidd*,» så må ROS-analysen i KPA òg vere på faresonenivå da reell risiko og sårbarheit alltid skal vere heilt og fullt utgreidd på siste plannivå. Det er med andre ord ikkje høve til å utsetje desse vurderingane til ei eventuell framtidig byggjesakshandsaming.

For utfyllande informasjon viser vi m.a. til:

- a) [Kommunal- og moderniseringsdepartementets rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling»](#)
- b) [Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging»](#)
- c) [Meld. St. 5 \(2020-2021\) Samfunnssikkerhet i en usikker verden](#)

I sistnemnde står det t.d.:

«For å tydeliggjøre at vurderinger av risikoaksept inngår som en del av ansvarsprinsippet vil regjeringen presisere ansvarsprinsippet med følgende tillegg i kursivert tekst: Ansvarsprinsippet innebærer at den organisasjon som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon også har ansvaret for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere ekstraordinære hendelser på området. *Ansvarlig instans må ta stilling til hva som er akseptabel risiko.»*

¹ OBS: Både forskriftsteksten og rettleiinga må lesast for å få full forståing for krava.



Og vidare:

«Ved behov må akseptabel risiko avklares med overordnet instans.»

Statsforvaltaren ønskjer òg å presisere at **både risiko og sårbarheit skal vurderast** og at dette gjeld alle slike forhold inklusive eventuelle endringar som følgje av tiltenkt arealbruk.

Bruk av sjekklister kan vere eit hjelpemiddel i arbeidet, men vil aleine ikkje kunne sjåast på som ein ROS-analyse. Det er òg viktig at ikkje sjekklister verkar avgrensande med tanke på kva som vert vurdert i ROS-analysen. **Elles minner vi om at m.a. metodeskildring, kunnskapsgrunnlag, føresetnader og medverknad (både med omsyn til personar/funksjonar og kompetanse) skal gå fram av ROS-analysen**, sjå t.d. kap. 3.2 kvalitetskrav til ROS-analysen i DSBs rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging».

Arealrekneskap

Kommunal- og distriktsdepartementet tilrår kommunane å utarbeide eit arealrekneskap som del av kommuneplanarbeidet, jf. rettleiar «Kommuneplanens arealdel» (H-2481 b). I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 blir det i punkt 17 tatt opp: «Samfunns- og arealplanlegginga er basert på eit oppdatert og godt kunnskapsgrunnlag. Kommunane bør utarbeide ein arealrekneskap som del av eit slikt kunnskapsgrunnlag».

Sjå også informasjon om bruk av arealrekneskap i kommuneplanprosessar frå Kommunal- og distriktsdepartementet (12.04.2023), [Bruk av arealregnskap i kommuneplanprosesser - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Fitjar kommune skriv òg at planlegging bør skje gjennom eit arealrekneskap for heile kommunen. Vi vil oppmode dykk om å utarbeide eit arealrekneskap, som del av kunnskapsgrunnlaget og at dette inngår som eit utgreiingstema i planprogrammet.

Strandsone

Forvaltninga av strandsona med 100-metersbeltet er av nasjonal interesse. Strandsoneforvaltninga skal bidra til ei berekraftig utvikling i tråd med FN's berekraftsmål. Etter lova skal ein i 100-metersbeltet langs sjø særleg ta omsyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre ålmenne interesser, jf. pbl. § 1-8.

I utkast til planprogram (15.06.2023) frå Fitjar kommune blir det vist til at reviderte statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona (SPR) medfører at det er trong for ei revidert kartlegging av den funksjonelle strandsona. Det blir vist til at Fitjar kommune ligg i sone 3 i SPR. Fitjar kommune viser vidare til at ein vil leggje til grunn Nordland fylkeskommune (2018) sin rettleiar for funksjonell strandsone og byggegrense i 100-metersbeltet. Vi vurderer det slik at nemnde rettleiar om funksjonell strandsone ikkje er tilstrekkeleg for å ta omsyn til strandsoneverdiane slik dei går fram av pbl, SPR og nasjonale føringar for dette temaet. Lovførearbeida, Ot. prp. nr. 32 (2007-2008) s. 174, viser til at pbl. § 1-8 skal leggjast til grunn ved utarbeiding av nye planar og ved fastsetjing av byggegrense mot sjø.

I samband med dette temaet vil vi vise til at det er utforma ny digital rettleiar på dette feltet frå Vestland fylkeskommune, [Strandsone i kommunal planlegging - Vestland fylkeskommune](#)



Fitjar kommune viser mellom anna til følgjande i arbeidet med planprogrammet og rullering av KPA:

- «Strategi for brygger og flytebrygger for storleik, plassering og deling».
- «Det må lagast ein strategi for naustbygging både plassering, storleik og utforming. Det må vurderast om det kan vera tillete å leggja inn vatn og avløp i naust».

Slike tiltak bør ha ei gjennomtenkt lokalisering og krav til utforming. Nye bryggjer, flytebryggjer, småbåthamner og naust bør fortrinnsvis samlast og lokalisert til område som har slike anlegg frå før, og det bør leggjast til rette for fellesanlegg. Også innanfor sone 3 må det gjennomførast ei vurdering av om det er eit høgt utbyggingspress innanfor dei aktuelle areala i kommunen.

Vi viser til regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, og føresegner som gjeld naust. Naust er uthus i strandsona som vert nytta til oppbevaring av reiskapar, utstyr, båtar og anna. Naust skal ikkje nyttast til overnatting og innreiast som bustad/ fritidsbustad. Utforminga av naust bør samsvare med bruken. Vi vil difor vere svært kritiske til evt. føresegner som på generelt grunnlag vil tilretteleggje for innlegging av vatn og avlaup i naust. I spørsmålet om storleik, plassering og utforming av naust må ein leggje til grunn retningslinjene i regional kystsoneplan.

Strandsona innanfor 100-metersbeltet skal forvaltast i eit langsiktig, heilskapleg perspektiv. SPR er klar på at det ikkje bør tillast utbygging i område som har spesiell verdi i samband med friluftsliv og allmenn ferdsle, naturkvalitetar, naturmangfald, kulturmiljø, landskap og andre allmenne interesser. Vi føreset at dette er eit tema som blir belyst i kommuneplanprosessen, og at det blir gjort tilstrekkeleg greie for verknadene av planen for dei nemnde omsyna, i område der ein ønskjer å legge til rette for utbygging.

Gjennomgang av reguleringsplanar

Fitjar kommune varslar ein gjennomgang av alle gjeldande reguleringsplanar. Eldre reguleringsplanar vil bli gjennomgått med omsyn til eventuelt manglande føresegner, byggjegranser, utnyttingsgrad og arealføremål. Vidare blir det vist til at det skal gjerast ei vurdering av om eldre reguleringsplanar framleis skal gjelde eller bør opphevast i tråd med pbl. og nasjonale forventningar.

Vi støttar dette grepet, då det er i samsvar med lova sine krav. Eldre reguleringsplanar som gjer det mogleg for utbygging i strid med statlege retningslinjer (SPR), bør reviderast eller opphevast, jf. mellom anna avsnitt 7 i SPR for strandsona. I samband med gjennomgang av eldre reguleringsplanar, så viser vi elles til brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (ref. 17/5725-3), 25. april 2018:

«Eldre reguleringsplaner uten byggegrense kan ikke oppfylle kravet kun fordi de har formålsgrenser. Ved utarbeidelse av planen ble ikke nødvendigvis formålsgrensene plassert etter vurdering av hensynene i plan- og bygningsloven § 1-8. Det er derfor nødvendig at det fremgår av planen at formålsgrensen også er en byggegrense mot sjø. Det betyr at det ikke kan gis en generell bestemmelse i en kommuneplan om at formålsgrensene i reguleringsplanene skal fungere som byggegrenser. En ny bestemmelse om at formålsgrensen skal være byggegrense må også for eldre planer vurderes konkret etter plan- og bygningsloven § 1-8, og den nye bestemmelsen medfører planendring».

I gjennomgangen av reguleringsplanar bør ein også vurdere om planane avklarar aktuelle offentlege og private interesser, er oppdatert med omsyn til omstenda på staden, er i tråd med nye arealpolitiske føringar og om dei held eit forsvarleg planfagleg kvalitetsnivå. Vi viser elles til bestemmelsane som gjeld etter kap. 12 i plan- og bygningslova, og forvaltningslova § 17.



Fitjarøyane

Vi viser til at Fitjarøyene har særeigne strandsoneverdiar og har særlege kvalitetar, jf. pbl. § 1-8 og statlege planretningslinjer for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Fitjar kommune har som målsetjing å ivareta verdiane knytt til kystlynghei og tradisjonell landbruksverksemd på Fitjarøyane. I gjeldande KPA for Fitjar kommune, så er det vist omsynssoner for kystlynghei og kystgardar på Fitjarøyane.

I NOU 1986:13, s. 32, «Ny landsplan for nasjonalparker», blei det føreslått eit statleg vern. I St.meld. nr. 62 (1991-92) blei det slått fast at kommunen sjølv kunne ta vare på dei nasjonale verdiane lokalt gjennom arealplanlegging. I kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2040, s. 38, legg Fitjar kommune vekt på at Fitjarøyane er eit særskilt viktig kulturhistorisk område som skal ivaretakast og først vidare til komande generasjonar. Det blir vidare vist til at:

«Fitjar kommune tok i 1986 formelt på seg ansvaret å forvalte kystlyngheia i Fitjarøyane og dette forpliktar oss som kommune». Vidare blir det vist til «Øyane må takast vare på som nasjonalt landskapsområde. Kystlyngheiane må bevarast og skjøttast på ein berekraftig måte. I planperioden bør det utarbeidast ein områdeplan/ kommunedelplan for Fitjarøyane, eller innarbeida dette i kommuneplanen sin arealdel når den vert rullert».

Den vestlege delen av Fitjarøyane ligg innanfor kommunegrensene til Bømlo kommune, men størstedelen av øyriket ligg innanfor Fitjar kommune. I planprogrammet ønskjer Fitjar kommune å samarbeide om felles føresegrer for området der det er føremålstenleg.

Vi meiner kommunen har lagt grunnlaget for ei god og planstyrt utvikling i øyane. Kystlynghei er som kjent ein utvald naturtype etter naturmangfaldlova § 52 og Forskrift om utvalgte naturtyper etter naturmangfoldloven (FOR-2011-05-13-512). Vi viser her til naturmangfaldlova § 53 der det går fram at «ved utøving av aktsomhetsplikten etter § 6 skal det tas særskilt hensyn til forekomster av utvalgte naturtyper for å unngå forringelse av naturtypens utbredelse og forekomstenes økologiske tilstand». Kystlynghei inngår òg i nasjonal raudliste for naturtypar 2018 og har status som sterkt truga (EN). Vi viser likevel til at området også har andre viktige naturmangfaldverdiar knytt til landskap generelt, marine og terrestriske førekomstar av naturtypar og artar.

Det er då relevant å leggje til grunn forvaltningsmål for økosystem og naturtypar, jf. nml. § 5, som ei ramme og ein føresetnad for planarbeidet. Vi ber om at det blir gjort greie for korleis kystlyngheia og natur og friluftslivverdiane i Fitjarøyane skal forvaltast langsiktig og heilskapleg i samband med kommuneplanen, og meiner at dette må inngå som eit utgreiingstema i kommuneplanprosessen.

I regional plan for Sunnhordland og ytre Hardanger, er det kartfesta 14 arealsoner som regionale område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne. Fitjarøyane er definert som arealsone landskap. Retningslinje 3.1.1 viser til at dette er «Regionalt viktige område for landskap, natur, friluftsliv og kulturminne er vist som arealsone landskap». Vidare viser retningslinje 3.1.2 mellom anna til «Nye tiltak innanfor arealsonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane».

Fitjarøyane har òg status som kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. I rapporten «Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse i Hordaland» (Riksantikvaren, 2016) blir det gjeve følgjande retningslinje for forvaltning: «Landskapet er sårbart for tett utbygging og oppføring av store bygningsstrukturar nær gravhaugane som viser veg mot Fitjar. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framstående stader i landskapet både på land og sjø. Landskapet bør i kommuneplanens arealdel gjevast omsynssone c)



med særleg omsyn til landskap og kulturmiljø, med generelle føresegner og retningslinjer som formulerer målsetninga for forvaltinga av området, og rammer for bruken av det».

Landbruk/ jordvern

Fitjar er med si solide landbruksnæring og svært konsentrerte jordbruksareal langt viktigare som landbrukskommune enn det totale jordbruksarealet på moderate 8.791 daa (NIBIO arealbarometeret) skulle tilseie. Som i dei fleste kystkommunane i Vestland utgjier innmarksbeite ein høg del (43 %), men til skilnad frå mange andre så er det meste (78 %) av dette i drift.

Sjølv om brorparten av verdiskapinga i landbruket (57 %) er knytt til dei 10 resterande mjølkeprodusentane i kommunen, gjer den geografiske konsentrasjonen og den fortsette variasjonen i produksjon av ammeku, sau, svin og egg at landbruket er langt viktigare og meir synleg enn i kystkommunar flest. Kommunen er også kjent for ei særskilt aktiv skognæring, langt meir enn dei relativt avgrensa 36.000 daa produktivt skogareal skulle tilseie.

Men konsentrasjonen særleg rundt Fitjar sentrum gjer også særskilte utfordringar med omsyn på samfunns- og sentrumsutvikling, spesielt om denne i stor grad skal vere basert på godt tilgjenge med bil. Med dei største byggefelta innan ein kilometers avstand frå sentrum, eit akseptabelt lokalklima og attraktive omgjevnader burde Fitjar ha langt betre moglegheiter enn dei fleste tettstader til å utvikle eit sentrum med fokus på gange/ sykkel og tett utvikling innan bustad og handel. Dette vil, forutan å spare jordbruksareal, også bidra til å vidareutvikle attraktiviteten og kvaliteten til tettstaden.

Med utgangspunkt i Statsforvaltaren sitt brev til kommunane 07.06.2022 «Forvaltning av jordbruksareal i arealplanlegging og sakshandsaming» og nytt, nasjonalt jordvernmål på berre 2.000 daa/år i årets «Oppdatert jordvernstrategi» i Prop. 121 S (2022 –2023) *Endringer i statsbudsjettet 2023 under Landbruks- og matdepartementet (Jordbruksoppgjøret 2023 m.m.)* bør kommunen halde seg innanfor ei gjennomsnittleg, årleg omdisponeringsrate på 1-2 daa, dersom han skal bidra til å nå det nasjonale målet. Dette er i tråd med den omdisponeringa Fitjar har rapportert i Kostra sidan 2015. I praksis betyr dette at utviklinga i Fitjar må vere arealnøytral, og at omdisponering av jordbruksareal berre unntaksvis bør vurderast for tunge samfunnsføremål som samferdsle og særskilt funksjonell og arealeffektiv sentrumsutvikling. Bustad- og næringsutbygging på jordbruksareal kan kommunen like gjerne utelukke i ny plan. Dette stiller særskilte krav til sentrumsutviklinga på Fitjar, noko kommunen også har særskilte føresetnader for å lukkast med, om kommunen ønskjer dette. Sakshandsamar hjå Statsforvaltaren har diverre ikkje hatt tid til vurdere dette opp mot «Ny områdeplan for Fitjar sentrum» i utarbeidinga av denne fråsegna. Bruken av spreidde føremål må berre nyttast for utvikling av utkantar og grender, og bør i føresegner ikkje opnast for på dyrka mark. I tillegg oppmoder vi sterkt til avgrensing i storleiken på slike felt.

Statsforvaltaren registrerer at kommunen legg både regional *Temaplan landbruk* og eigen landbruksplan til grunn for arbeidet. Vi oppmoder vidare sterkt til at kommunen følger opp sine i 5.3 *Bustadbygging – fortetting, nye bustadfelt, LNF-spreid, eldrebustader, folketalsvekst* og 5.7 *Landbruk/ – jordvern* ikkje heilt uttalte intensjonar om å utarbeide og legge arealrekneskap og eit kommunalt budsjett for bruk og vern av dyrka mark til grunn for det vidare arbeidet med planen. Det byrjar å verte mange kommunar som arbeider med dette, og fylkeskommunen gjer også eit større arbeid for å utvikle verktøy. Statsforvaltaren etablerer no ein praksis med så langt råd å krevje i alle fall ei eller anna form for oversikt over det totale, unytta utbyggingspotensialet på dyrka mark i kommuneplanen, ikkje berre for nye felt. Ifølge ei undersøking av SSB i 2021 hadde norske kommunar 30-40 års jorvernsmål som arealreserve på jordbruksareal i sine kommuneplanar, noko som har auka med seinka jordvernmål. Dette kan femne eit hundretals dekar jordbruksareal per



kommune som dimed står i særskilt fare for å byggast ut i framtida. Arealrekneskap ol. gir kommunane ei oversikt over kva som faktisk ligg i gamle planar, og er ein drivar og eit grunnlag for gjennomgang av arealreserve, spesielt på jordbruksareal, i tillegg til at det set nye innspel i perspektiv og bidrar til prioritering mellom føremål og gjennom planperioden. Statsforvaltaren gjev gjerne råd om kompetanse og «best practice» i dette arbeidet.

Bustader

Innanfor rammene av plan- og bygningslova § 1-1, skal planar mellom anna leggje til rette for «tilstrekkelig boligbygging», jf. § 3-1 første ledd bokstav d. I tillegg skal ein «leggje til rette for god forming av bygde omgivelser, gode bomiljøer og gode oppvekst- og levkår i alle deler av landet», og «fremme befolkningens helse og motvirke sosiale helseforskjeller, samt bidra til å forebygge kriminalitet».

Rettleiar om kommuneplanen (18.03.2022) frå Kommunal- og distriktsdepartementet viser til at arealstrategien mellom anna må vere «realistisk og ha en overordnet karakter. Det innebærer at den bør bygge på et arealregnskap som viser eksisterende arealreserver for bolig». Fitjar kommune viser i planprogrammet til at ein ønskjer å leggje til grunn eit arealrekneskap. Areal til bustader er eit sentralt konsekvensutgreiingstema, med omsyn til sosial, økonomisk og miljømessig berekraft. Vi føreset difor at det blir lagt fram eit kunnskapsgrunnlag med arealrekneskap, synleggjering av behovet for areal til bustader, arealreserve for bustader, verknader av planforslaget for andre interesser og omsyn, og at ein legg til grunn statlege planretningslinjer for samordna bustad-, transport- og arealplanlegging (FOR-2014-09-26-1222) som ramme og føresetnad for planen.

Bustadsosiale omsyn i kommunal planlegging

Det bør leggjast til rette for eit variert bustadtilbod med variasjon i storleik. Fleire vanskelegstilte grupper og eldre etterspør normalt mindre bustadar, og dette er ofte mangelvare i distriktskommunar. Bustadane bør liggja i gangavstand til servicetilbod, då mange ikkje disponerer bil.

Frå og med 1. juli 2023 gjeld «*Lov om kommunenes ansvar på det boligsosiale feltet*». I nemnde lov går det fram at:

«Kommunen skal ha en oversikt over behovet for både ordinære og tilpassede boliger for vanskeligstilte på boligmarkedet. Oversikten skal inngå som grunnlag for arbeidet med kommunens planstrategi etter plan- og bygningsloven § 10-1. En drøfting av kommunens boligsosiale arbeid bør inngå i strategien. Kommunen skal i sitt arbeid med kommuneplanen etter plan- og bygningsloven kapittel 11 fastsette overordnede mål og strategier for det boligsosiale arbeidet. Målene og strategiene skal være egnet til å møte de utfordringene kommunen står overfor med utgangspunkt i oversikten nevnt i første punktum», jf. § 5 i lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Vidare går det fram at krava til planstrategi og kommuneplan på det bustadsosiale feltet skal vere oppfylt seinast fire år etter at lova er i kraft, jf. § 10 i lov om kommunane sitt ansvar på det bustadsosiale feltet. Vi føreset difor at bustadsosiale omsyn er eit kunnskapstema som inngår i arbeidet med arealdelen.

Regjeringa har utforma ein nasjonal strategi for den sosiale bustadpolitikken med prioriterte mål: 1. fleire skal kunne eige eigen bustad, 2. leie skal vere eit trygt alternativ, 3. sosial berekraft i bustadpolitikken og 4. tydelege roller, nødvendig kunnskap og kompetanse. Under målet «Sosial bærekraft i boligpolitikken» blir det vist til at «Gjennom planlegging tilrettelegger kommunene for attraktive og tilgjengelige boligområder for hele befolkningen. Den sosiale boligpolitikken må derfor ses i sammenheng med den brede boligpolitikken, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Ved å jobbe



med bolig og velferd i alle ledd av planleggingen, kan kommunen tilrettelegge for nok boliger til alle i gode bomiljø, trygg etablering i eid eller leid bolig, og stabile boforhold som fremmer velferd og deltakelse». Strategien er tilgjengeleg på Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine heimesider: <https://www.regjeringen.no/no/tema/plan-bygg-ogeiendom/boligmarkedet/boligsosial-strategi/id2786896/>

Fritidsbustader

I avsnitt 5.4 blir det i planprogrammet vist til at: «Fitjar er også ein stor hyttekommune med Kråko som det store lokomotivet. Det er ønskjeleg med vidare utvikling og fortetting her. Det må vurderast nøye om ein skal opna for andre hyttefelt».

Nasjonale forventningar, punkt 57, vektlegg at potensialet for fortetting eller utviding av eksisterande fritidsbustadområde blir vurdert før det blir lagt til rette for utbygging i nye område, særleg der det er utbyggingspress.

Vi viser vidare til statlege planretningslinje for ei differensiert forvaltning av strandsona langs sjø. Kommunane er oppmoda om at det bør innførast føresegnar i kommuneplanen for størrelse og standard for fritidsbustader i strandsona. Vi føreset at ny rettleiar om planlegging av fritidsbustad frå Kommunal- og distriktsdepartementet blir lagt til grunn for planarbeidet, jf. rettleiar H-2528. Vi vil særleg vise til dei nasjonale føringane ved planlegging av fritidsbustad, s. 13, i nemnde rettleiar. I rettleiar H-2528 blir det mellom anna vist til, s. 28, «Sone 3 omfattar område som har mindre press på areala. Heller ikkje her bør det tillatast utbygging i område som har spesiell verdi for friluftsliv og ålmenn ferdsel, naturmangfald, kulturmiljø og landskap».

Folkehelse

Etter folkehelselova (fhl.) § 5 skal kommunen ha nødvendig oversyn over helsetilstanden i befolkninga, og dei positive og negative faktorane som kan verke inn på denne. Folkehelseoversikten skal vere skriftleg og identifisere folkehelseutfordringane i kommunen, og som del av dette arbeidet skal ein vurdere konsekvensar og årsaksforhold. Kommunen skal vere særleg merksam på trekk ved utviklinga som kan skape eller oppretthalde sosiale eller helsemessige problem eller sosiale helseforskjellar.

Vi føreset at ein oppdatert folkehelseoversikt for Fitjar kommune inngår som eit kunnskapsgrunnlag i kommuneplanprosessen. Vi viser også til at folkehelse er eit relevant tema i konsekvensutgreiingsarbeidet, og er eit sentralt omsyn som skal vurderast i arealplanlegginga, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 og folkehelselova § 11.

Helsedirektoratet har utforma retningslinjer og rettleiing i samband med det systematiske folkehelsearbeidet med relevans for planlegging på overordna nivå: [Systematisk folkehelsearbeid - Helsedirektoratet](#)

Barn og unges interesser

Plan- og bygningslova §§ 1-1 og 5-1, og Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146) har føringar for ivaretaking av barn og unges interesser.

Grunnlova § 104 og barnekonvensjonen artikkel 3 set omsynet til born framfor alle andre omsyn ved alle handlingar som vedkjem born. Vidare legg grunnlova § 104, barnekonvensjonen artikkel 12, plan- og bygningslova §§ 1-1 og 5-1, og Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (FOR-1995-09-20-4146) føringar for at barn og unge får medverke. Kommunestyret skal også velje eit



ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. kommunelova § 5-12.

I planarbeid er det såleis viktig at barn og unge får moglegheit til å få fram sine synspunkt, ønskje, behov og bli inkluderte på sine eigne premissar. Barn og unge er viktige informantar til korleis areal blir brukt, og «barnetråkk» kan vere eit godt verktøy til registrering. Kommunen kan også gjennomføre spørjeundersøkingar eller eigne møter med barne- og ungdomsgrupper.

I planprogrammet er «tilrettelegging av nærområde» og «Uteareal og leikeområde» utgreiingstema.

Vi føreset at planprogrammet gjer greie for korleis barn og unge skal involverast i planprosessen, og at det blir gjort greie for kunnskapsgrunnlaget og evt. behovet for utgreiingar/ undersøkingar for å ivareta barn og unges interesser i planlegginga. Vidare føreset vi at konsekvensar for barn og unge blir tilstrekkeleg belyst i kommuneplanprosessen, og at det blir føretatt ei samla vurdering av barn og unge sitt oppvekstmiljø, slik at det kan innarbeidast tiltak i kommuneplanarbeidet. Utgreiingar i samband med temaet «Areal» må vurderast i lys av verknader for barn og unges interesser.

I rikspolitiske retningslinjer for barn og unge blir det vidare vist til «Arealer og anlegg som skal brukas av barn og unge skal vere sikret mot forurensning, støy, trafikkfare og annen helsefare». Fitjar kommune har utarbeidd trafikktryggleiksplan for 2021-2031 (vedtatt 23.03.2022), som inneheldt viktig informasjon og kunnskap som grunnlag for kommuneplanprosessen. I utkast til planprogram blir det vist til at «Trygg skuleveg for alle må inn som rekkefølgekrav for alle nye reguleringsplanar».

I tillegg er det under «Areal» vist til mellom anna behov for nye skular og barnehagar. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging viser mellom anna til «Kommunene skal avsette tilstrekkelige, store nok og egnet areal til barnehager». I utfyllande kommentarar til den rikspolitiske retningslinja, så blir det skriva i avsnitt 5 bokstav c: «Det er viktig for kommunen å sikre arealer i takt med utbygging, tilflytting og den demografiske utvikling i kommunen. Kommuneplanarbeidet er en arena der slike forhold bør og skal vurderes, og arealer avsettes. For å sikre samtidighet kan man bruke rekkefølgebestemmelser. Se mer i Temaveileder om barn og planlegging etter plan og bygningsloven T-1513 på departementets nettsider. Det bør velges ut arealer som sikrer at barnehagen blir en integrert del av lokalmiljøet med muligheter for gjensidig kontakt, og sambruk med andre institusjoner og felles friområder i lokalsamfunnet, som nærhet til grøntstruktur, grøntdrag mv. Nærhet til lokalmiljøet vil også kunne bidra til redusert behov for transportering av barna til barnehagen». Rettleiar T-1513 er erstatta av ny rettleiar 09.11.2021 frå departementet.

Vi viser til rettleiar om barn og unge i plan og byggesak frå Kommunal- og distriktsdepartementet (09.11.2021):

[Rettleiar om barn og unge i plan og byggesak - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Planlegging for eit meir aldersvennleg samfunn

Bu trygt heime-reforma byggjer på erfaringane frå Meld. St. 15 (2017-2018) «Leve hele livet» og tilhøyrande planar og utviklingsarbeid som er i gang, som til dømes Demensplan 2025, Kompetanseløft 2025, Vi – de pårørende (pårørandestrategien), Nasjonalt velferdsteknologiprogram, handlingsplanen for universell utforming og programmet for eit aldersvennleg Noreg. Bustadtilpassing og -planlegging er eit viktig innsatsområde i reforma, jf. Meld. St. 24 (2022-2023) «Felleskap og meistring: Bu trygt heime». Reforma har mellom anna fokus på tydinga av kommunal planlegging, inkluderande nærmiljø, følgje opp handlingsplanen for universell utforming, bidra til å utvikle gå- og aktivitetsvennlege nærmiljø, rettleiing om aldersvennlege mobilitets- og



transportløyser og leggje til rette for gode generasjonsmøte i bustadplanlegginga. Planlegging for eit aldersvennleg samfunn bør belyst nærare i planarbeidet.

Universell utforming

Prinsippet om universell utforming skal ivaretakast i planlegginga og i krava til dei einiskilde byggjetiltaka, jf. pbl. § 1-1 femte ledd. I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, punkt 27, går det fram «Deltaking i samfunnet for flest mogleg blir sikra gjennom universell utforming av nye bygningar og uteområde». Vi føreset at det blir konkretisert i planprogrammet korleis universell utforming skal følgjast opp i arealdelen til kommuneplanen, og at dette blir drøfta i høve t.d. barn og unges oppvekstmiljø, planlegging for eit aldersvennleg samfunn, folkehelse og eit inkluderande samfunn.

Vi viser til ressursida til Kommunal- og distriktsdepartementet om universell utforming og plan:

[Universell utforming - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

Støy

Fitjar kommune varslar i utkast til planprogram at støy er eit utgreiingstema. Vi føreset at det i arbeidet med planprogrammet blir vurdert om det skal utarbeidast støysonekart, omfanget av dette utgreiingstemaet, og at det blir tatt stilling til om og korleis støysonekartet skal nyttast i arealdelen til kommuneplanen, jf. «Retningslinje for handsaming av støy i arealplanlegginga», T-1442/2021. Retningslinje T-1442 oppmoder kommunane om å synleggjere og inkludere støysonekart på eigna måte i kommuneplanen, td. anten i arealdelen eller som eige temakart i kommuneplanen. Kommunen må ta stilling til bruk av føringar, omsynssoner og utforming av føresegner for temaet støy.

Sjå nærare rettleiar om handsaming av støy i arealplanlegginga (M-2061):

[Veileder om behandling av støy i arealplanlegging - Miljødirektoratet \(miljodirektoratet.no\)](https://www.miljodirektoratet.no)

Luftkvalitet

Det er også utforma ei eigen retningslinje for handsaming av luftkvalitet i arealplanlegging for å førebyggje mot helseeffektar av luftforureining gjennom arealplanlegginga, jf. T-1520/2012. Plan- og bygningslova opnar for at kommunane kan vedta føresegner om miljøkvalitet, td. luftkvalitet. Kommunen må vurdere nærare om det er behov for luftsonekart som temakart i samband med kommuneplanen. Miljødirektoratet har utarbeidd rettleiar til retningslinje T-1520, som er tilgjengeleg her: <https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/forurensning/lokal-luftkvalitet/luftkvalitet-iarealplanlegging/kommuneplan/>

Forureina grunn

I databasen «Grunnforurensning» er det registrert område med «forureina grunn» i Fitjar kommune. Dersom det blir vurdert ny eller endra arealbruk der det er registrert, anten nedlagte deponi eller annan forureina grunn, så føreset vi at dette blir tema for konsekvensutgreiinga, og at det blir grundig vurdert om arealet er eigna til anna bruksføremål.

Masseforvaltning

I nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 går det i punkt 44 fram «Heilskapleg masseforvaltning blir avklart i regionale og kommunale planar. Planar for større bygge- og anleggsarbeid avklarar korleis overskotsmassar skal disponerast og korleis nødvendig areal til handteringa skal sikrast. Moglegheita for ombruk og materialgjenvinning blir vurdert, og ein bør prøve å oppnå massebalanse».



Vi føreset at ein i konsekvensutgreiingsarbeidet føreteik ei berekraftig tilnærming til spørsmålet om masseforvaltning i tråd med ressurspyramiden, og at det er fokus på gjenbruk av reine massar og resirkulering av reine overskotsmassar frå prosjekt som kommunen kjenner til. Planmyndigheit og private aktørar bør samarbeide om å få til ei berekraftig ressurs- og arealforvaltning. I konsekvensutgreiingsarbeidet bør ein danna seg eit oversyn over massar som er i omløp, potensialet for gjenbruk og ein bør leggje til rette for omlegging til ein meir sirkulær økonomi.

Vi føreset vidare at det vert fastsett klare føresegnar i høve utgreiing av massebalanse i prosjekt, krav om massehandteringsplan, plangrep for å redusere masseoverskot, etterbruk, avslutning, fristar, istandsetting og ei forsvarleg massehandtering. Vi føreset at ein i størst mogleg grad unngår utfyllingar i sjø, vassdrag og på LNF-areal. Verknader for miljø, natur og samfunn må gå klart fram av konsekvensutgreiinga.

Naturmangfald

Noreg har forplikta seg til FN sine berekraftsmål, som mellom anna seier at ein skal redusere øydelegging av habitat og stanse tap av biologisk mangfald. Noreg har slutta seg til det globale Kunming-Montreal rammeverket for naturmangfald, 19.12.2022. Den globale naturavtalen og tydinga for Noreg skal følgjast opp i ei ny stortingsmelding og i ein eigen handlingsplan for natur. Vi føreset at den nasjonale oppfølginga av dette rammeverket blir vist til og lagt til grunn for kommuneplanen.

Tap av natur er ikkje berre noko som utspelar seg internasjonalt eller på overordna nivå, men i den enkelte kommune i form av korleis areala blir forvalta. Arealendringar er største årsak til tap av biologisk mangfald, både globalt og nasjonalt/lokalt. Kommuneplanen sin arealdel er ei særskild viktig reiskap i denne samanhengen.

Naturmangfald er såleis òg eit utgreiingstema i planprogrammet. Fitjar kommune skriv at «Me må sjå på tilstand til naturmangfaldet både marint og på land». Vi meiner likevel at planprogrammet må vere meir konkret på dette punktet. Vi føreset at det blir gjennomført ein kunnskapsgjennomgang og ei vurdering av behovet for innhenting av nye data om marint, limnisk og terrestrisk naturmangfald i samband med planprogrammet. Det må føreliggje eit oppdatert kunnskapsgrunnlag for tilstanden og om naturverdiane, og eventuelt må det gjerast nye kartleggingar der kunnskapsgrunnlaget er gammalt eller manglande. Særleg må ein sikre at det føreligg tilstrekkeleg med kunnskap om miljø- og naturmangfald der ein planlegg å setje av areal til utbyggingsføre mål, at det blir gjort tilstrekkeleg greie for alternativ, og at verknader for naturmangfald er grundig vurdert i konsekvensutgreiinga. Kommunen bør ha eit oversyn over naturtypene som er kartlagt i tabellformat. Slik at ein kan danne seg eit inntrykk av kor mykje taeskog, skjellsand, kystlynghei, mm. det er i kommunen. Gjerne med summert areal.

Delar av Fitjar blir kartlagt etter NiN-metodikk sommar og hausten 2023. Data frå denne kartlegginga vil bli allment tilgjengeleg i naturbase i løpet av våren 2024: [Kartlegging av naturtypar i Vestland 2023 | Statsforvalteren i Vestland \(statsforvalteren.no\)](#)

Vi viser til nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027, punkt 53, «Viktig naturmangfald, jordbruksareal, vassmiljø, friluftslivsområde, overordna grønstruktur, kulturmiljø og landskap blir kartlagde og sikra i planlegginga. Samla verknader av eksisterande og planlagd arealbruk blir lagt vekt på».

Naturmangfald skal såleis vere premissgjevande for arealplanlegginga. Eit plankart som syner naturmangfaldsverdiane er sentralt i arealforvaltninga, og gjer også kunnskapen lettare tilgjengeleg. I arbeidet med å forvalte naturmangfaldet er det elles viktig å ha ein landskapsøkologisk tilnærming –



tenke funksjon for dei ulike artane, for den naturen som er viktig å ta vare på. Korridorar og samanhengar mellom leveområde, buffersoner rundt viktige naturtypar og artsrike område er døme på dette. Grøn infrastruktur er heilt naudsynt å ha med i kommunale planprosessar, og blir stadig meir aktuelt i møte med klimaendringane, der natur både kan bidra til klimagassreduksjon og klimatilpassing (naturbaserte løysingar for klimatilpassing).

Til no har mange kommunar hatt eit temakart for naturmangfald som følgjer kommuneplanen. Kommunen kan sjølv velje å gjere temakartet retningsgjevande i arealforvaltningssaker, eller ta større eller mindre delar av kartinnhaldet med seg inn i kommuneplankartet. Statsforvaltaren rår likevel til å særskilt sikre viktige naturmangfaldsverdiar i kommuneplankartet i form av at viktige naturmangfaldsverdiar sikrast med til dømes «grøne» føremål, omsynssoner og tilhøyrande føresegn, der dette er relevant.

For å hjelpe kommunen å få ein heilskapleg oversikt over naturmangfaldsverdiar, og nå måla om å stanse tap av biologisk mangfald, er det naudsynt med ei tett kopling til kommuneplanen og arealdelen. Ein kommunedelplan (KDP) for naturmangfald er difor dei siste par åra løfta fram av miljøforvaltninga som ei anbefalt metode i dette arbeidet. Ein KDP følgjer prosesskrava i plan- og bygningslova, og skal også ha ein handlingsdel. Ei slik handlingsdel knytt til naturmangfald gir kommunen oversyn over viktige oppfølgingsoppgåver, og kan gjere det enklare å målrette oppgåvene og prioritere på kort og lang sikt. Kommunedelplanen samlar kunnskap om naturmangfaldsverdiar lokalt, regionalt og nasjonalt, og gir grunnlag for prioritering av arealbruk. Erfaringar frå dei kommunane som har utarbeidd kommunedelplanar for naturmangfald, er at arbeidet gir viktig kunnskap og kompetanse lokalt.

Vi føreset at det blir gjennomført ei vurdering av dei miljørettslege prinsippa etter naturmangfaldlova (nml.) §§ 8-12, og at vurderinga av arealdelen sine verknader for naturmangfaldet er tilstrekkeleg utgreidd og går fram av det endelege planvedtaket, jf. nml. § 7 og konsekvensutgreiingsforskrifta §§ 17 og 21.

Landskap-, natur- og friluftslivsverdiar

Fitjar kommune har i 2016 gjennomført kartlegging og verdsetting av viktige friluftslivsområder etter Miljødirektoratet sin rettleiar M98/2013. Vi føreset at relevante kunnskapskjelder om lokale og regionale friluftslivsverdiar, landskapsverdiar og verdiar knytt til geologisk mangfald også blir ein del av kunnskapsgrunnlaget som blir nytta vidare i konsekvensutgreiingsarbeidet.

Vassdragsforvaltning

Røydlandselva (vassdragsnr. 044.5Z) blei verna i samband med verneplan IV i 1993. Nedbørfeltet til vassdraget gjeld både Fitjar og Stord kommune. Vi føreset at rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag (RPR, FOR-1994-11-10-1001) blir vist til og lagt til grunn i arbeidet med arealdelen. Rikspolitiske retningslinjer viser til at det skal vurderast om planar har verknader for vassdraget sine verneverdiar, jf. punkt 1 og 2 i nemnde RPR. Vi føreset at det blir satt byggjegranser mot verna vassdrag i framlegg til føresegnar, og at ein tek omsyn til dette i samband med arealføremåla i plankartet, jf. punkt 4 i RPR for verna vassdrag.

Fitjar kommune har også vassdrag med tyding for sjøaure. Kunnskap om dette temaet er mellom anna oppsummert i rapporten «Habitatkartlegging og forslag til tiltak i 21 sjørretvassdrag i Vestland fylke i 2021» (Rådgivende Biologer, rapport 3662). Av dei 21 kartlagde vassdraga er det berre tre sjøaurevassdrag som har «god» morfologisk status (sjå tabell side sju i RB-rapport 3662). I kartlegginga er det føreslått ei rekkje konkrete tiltak i vassdraga som fjerning av vandringshinder, tiltak som betre fiskeproduksjon, auke skjul for fisk eller reetablere [kantvegetasjon](#). Kommunen kan søkje



tilskot til slike tiltak etter fleire ordningar: <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/>. Ved utarbeiding av arealplanen bør kommunen sjå på om det er vassdrag dei kan prioritere å gjere tiltak i, reetablere kantvegetasjon, eller setje av ei vernesone for den viktige kantvegetasjon langs vassdraga. Dersom nokon fjernar kantvegetasjon i ei avsett vernesone for kantvegetasjon, har kommunen moglegheit til å gje sanksjonar for hogsten.

Vi viser også til lakse- og innlandsfiskelova § 7 første ledd som gjev uttrykk for «Hensynet til fiskeinteressene og ivaretagelse av fiskens og andre ferskvannsorganismers økologiske funksjonsområder skal innpasses i planer etter plan og bygningsloven i kommune og fylke».

Vassressursar

Endra arealbruk langs vassdrag og tilrettelegging for nye tiltak i nedbørfeltet, eller tilrettelegging for arealdisponeringar, t.d. utfyllingar, i sjø og vassdrag kan ha påverknad på vassmiljøkvaliteten. Vi føreset at verknaden for nasjonalt fastsette miljømål for vassressursane blir gjort greie for i konsekvensutgreiinga, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 21 og vassforskrifta (FOR-2006-12-15-1446). Vi viser til vassforvaltningsplanen for Vestland vassregion 2022-2027, som skal «legges til grunn» for arbeidet med kommunale planar. Vassforskrifta § 12 skal vurderast dersom det blir fatta enkeltvedtak om ny aktivitet eller nye inngrep i ein vassførekomst, og som kan medføre at miljømåla ikkje blir nådd eller at tilstanden blir forringa. Sjå nærare om dette temaet i Miljødirektoratet sin rettleiar om vassmiljø i arealplanlegginga:

<https://www.miljodirektoratet.no/myndigheter/arealplanlegging/miljohensyn-i-arealplanlegging/vanmiljo/vanmiljo-i-arealplanlegging/>

Langs vatn og vassdrag skal kommunane vurdere om det bør fastsetjast ei byggjegrænse på inntil 100 meter for vassdrag som har tyding for naturmiljø, kulturmiljø, friluftsliv eller for kapasiteten i vassdraget. Vi føreset at det blir utarbeidd føresegner med breidde for kantvegetasjon og byggjegrænser langs vassdrag for å ivareta naturmangfald, landskap, kulturmiljø, friluftsliv og andre allmenne interesser, jf. pbl. § 1-8 femte ledd. Naturtypelokalitetar, raudlistearter og vassdrag inkludert eit funksjonelt kantvegetasjonsbelte skal takast omsyn til ved framtidig planlegging. Planprogrammet bør leggje til grunn at kunnskap om slike viktige naturverdiar skal oppdaterast og vidareutviklast, for å kunne gje grunnlag for berekraftig økologisk utvikling. Vi føreset at dette blir tatt omsyn til i konsekvensutgreiinga og i utforminga av føresegner, der det er aktuelt med utbygging som kan ha verknad for naturverdiane langs vassdrag. Bevaring av kantvegetasjon mot vassdraga er eit viktig omsyn i kommunal planlegging, jf. vassressurslova § 11. Sjå også NVE sin rettleiar nr. 2/2019 «Kantvegetasjon langs vassdrag»:

http://publikasjoner.nve.no/veileder/2019/veileder2019_02.pdf

Vi viser også til rettleiing frå Statsforvaltaren i Vestland gjeldande temaet kantsone langs vassdrag:

<https://www.statsforvalteren.no/vestland/miljo-og-klima/vatn/kantvegetasjon-langs-vassdrag/>

Drikkevasskjelder

Planprogrammet må ta omsyn til drikkevatt – både overflate- og grunnvasskjelder - i utarbeiding av arealdelen, vurdere føresegner for sikring av kjeldene og omsynsone for vassstilsigsområda, jf. drikkevassforskrifta § 26, folkehelselova § 4 og pbl. §§ 11-7 nr. 6 og 11-8 bokstav a.

Energiproduksjon

Fitjar kommune viser til at «Kraftproduksjon» er eit eige tema i konsekvensutgreiingsarbeidet. Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027, punkt 32, viser til «Det blir lagt til rette for meir fornybar energiproduksjon, særleg i område med kraftkrevjande næringsutvikling. Det er viktig å sikre god balanse mellom meir fornybar energi og miljøomsyn». I



planprogrammet skriv Fitjar kommune at «Potensialet for meir lokal energiproduksjon , som sol-, vind- og kjernekraft må sjåast på i ein heilskap». I Prop. 111 L (2022-2023) blei det føreslått endringar i energilova og plan- og bygningslova i samband med planar som gjeld vindkraft på land. Lovforslaget er utarbeidd i samarbeid mellom Olje- og energidepartementet og Kommunal- og distriktsdepartementet, og blei endeleg vedtatt i Stortinget 16.06.2023 som lovvedtak 120. Frå og med 1. juli 2023 er det gjennomført endringar i energilova og plan- og bygningslova som gjev kommunal planmyndigheit kompetanse innanfor planlegginga av landbasert vindkraft i samarbeid med energimyndigheitene. Kommunal- og distriktsdepartementet utgreier for tida mogleg regelverksutforming når det gjeld plan- og bygningslova og større solenergianlegg.

Klima

Konsekvensutgreiinga og planarbeidet må også ta omsyn til statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR-2018-09-28-1469) og statleg planretningslinje for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging (FOR-2014-09-26-1222).

Det er viktig at Fitjar kommune har eit eiga tema i planprogrammet som omhandlar klima, naturfare og naturmangfald, og har trekt fram behovet for at planlegginga må ta høgde for klimaendringane. I tråd med statlege planretningslinjer for klima – og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR – 2018-09-28-1469) må kommunen gjennom kommuneplanens arealdel sikre at samla arealdisponering varetar omsynet til eit klima i endring. Kommunen må stimulere til og bidra til redusert klimagassutslepp, økt miljøvennleg energiomlegging og bidra til at samfunnet vert tilpassa klimaendringane. Etter plan- og bygningslova § 28-1 er det ikkje høve til å byggje på stader med markert risiko for fare eller vesentleg ulempe som følgje av natur- og miljøforhold.

Samfunnsdelen til kommuneplanen til Fitjar kommune har mål for omstilling til lågutslepp-samfunnet. Kommunen har mellom anna mål om berekraftig arealforvaltning, reduksjon av utslepp med 70 % innan 2040, og fleire satsingar innan energi, transport og bygg. Det er viktig at det er tydeleg kopling mellom arealdelen, klima og miljømåla i samfunnsdelen og arealstrategiane. Klimaplanlegginga må byggje på eit oppdatert kunnskapsgrunnlag om utslepp, energiomlegging og naturfarar. I vurderinga av konsekvensane klimaendringane kan få for kommunen må høge nasjonale klimaframskrivingar vere lagt til grunn, her er klimaprofil for fylket viktig ([klimaprofilene - et kunnskapsgrunnlag for klimatilpassing](#)). Vi viser vidare til Miljødirektoratet sine rettleiarar for å vareta omsynet til klima i planlegging, som vil vere nyttig i arbeidet med arealdelen, [Hvordan ta hensyn til klimaendringer i plan?](#) (klimatilpassing) og [Klima- og energiplan](#) (reduksjon av utslepp). Kommunen vurderer å gjennomføre ein kartlegging av karbonrike areal. Vi vil oppmode kommunen om å gjennomføre ei slik kartlegging, men også kartlegge økosystem og arealbruk med betydning for klimatilpassing som myr, våtmark, skog og elvebreidder. Kommunen må ha oversikt over og sikre at desse naturområda vert varetatt i planlegginga. Det er viktig både av omsyn til karbonlagring, dempe effektane av klimaendringane og sikre naturmangfaldet. I planlegginga bør kommunen vurdere bevaring, etablering og restaurering av naturbaserte løysingar. Å velje vekk slike løysingar skal i tråd med dei statlege planretningslinjene for klima – og energiplanlegging og klimatilpassing (FOR – 2018-09-28-1469) vere grunngeve.

Marine områder som er viktige for karbonlagring er også relevant å ta omsyn til i arealplanlegginga.

Vi viser i samband med dette til «Kunnskapsoppsumming om marine områder som er viktige for karbonlagring» (M-2385), <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2023/februar-2023/kunnskapsoppsumming-om-marine-omrader-som-er-viktige-for-karbonlagring/>



Rapporten «Kunnskapsoppsummering om aktiviteter som forstyrrer karbonlagre i havet» (M-2495) er også relevant å sjå til, <https://www.miljodirektoratet.no/publikasjoner/2023/februar-2023/kunnskapsoppsummering-om-aktiviteter-som-forstyrrer-karbonlagre-i-havet/>

Planprogrammet bør ta omsyn til verknader av planforslaget for terrestriske, limniske og marine karbonrike areal, og sikre at dette er eit utgreiingstema i konsekvensutgreiinga. Ei kartlegging av karbonrike areal kan sjåast i samband med eit arealrekneskap, s. 49 i «Regjeringas klimastatus og -plan»: «Bruk av arealrekneskap er nyttig som del av kunnskapsgrunnlaget for kommuneplanens arealdel. Arealrekneskapen kan òg brukast til å framheva kvalitetane på areala som blir vurderte eller blir foreslått omdisponert til utbyggingsformål, og bidra til auka forståing for konsekvensane av arealendringar. Kommunane kan kartleggja og føra arealrekneskap over til dømes særleg karbonrike myrområde og skog for å gjera alternativvurderingar rundt omdisponering og nedbygging av særleg verdifulle areal».

Kommunen har i samfunnsdelen til kommuneplanen planlagt å innføre klimarekneskap som skal inkludere både direkte og indirekte utslepp. Vi vil rå kommunen til å få plass eit klimabudsjett som kan koplast til økonomiplanen, og vidare utarbeide klimagassrekneskap. Miljødirektoratet har rettleiar for klimagassrekneskap, [Klimagassregnskap og regnemaler](#). Arealbruksendring vil ha innverknad på klimagassutslepp i kommunen, dette bør vere belyst.

Havbruk

Fitjar kommune viser i planprogrammet til at «Oppdrett av nye artar, skaldyr, skjel, hausting av tare etc. kan vera nye havbruksnæringar som kommunen bør sjå på og vurdere å skaffe areal til». Berekraftig vekst skal vere den viktigaste føresetnaden for vidare utvikling i havbruksnæringa, jf. Meld. St. 16 (2014-2015). Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023 – 2027 viser til «Det blir sett av tilstrekkelege og eigna nye areal for akvakultur gjennom oppdaterte regionale og kommunale planar for kystområda, som også kan omfatte utvikling av akvakultur utanfor kysten og landbasert akvakultur. Planane varetek miljøomsyn og andre samfunnsinteresser». Vidare viser nasjonale forventningar til at kystsona er under aukande press, og oppdaterte planar er avgjerande for å sikre ei berekraftig utvikling av akvakulturnæringa. Lokalisering av nye område for akvakultur må vurderast i eit regionalt og interkommunalt perspektiv. Vi føreset at havbruk er eit særskilt konsekvensutgreiingstema og at alternativ blir utgreidd, og at samfunns- og miljøverknader blir tilstrekkeleg klarlagt. Vi viser her til at tilstanden til- og verknaden på det marine naturmangfaldet må visast til og leggjast til grunn, i samsvar med prinsippa i naturmangfaldlova, med tilhøyrande, nasjonal kvalitetsnorm for villaks etter §. 13 og føringane som ligg i lov om lakse- og innlandsfisk, jf. §§ 1, 2 og 7. Utgreiingane av ny arealbruk må vere eit eigna grunnlag for å ta stilling til om nye areal kan takast i bruk til havbruk/ akvakulturføremål. Vi viser mellom anna til Lakseregisteret som ei kjelde til kunnskap om anadrome bestandar som nyttar sjøområda i Fitjar som vandringsområde og som økologisk funksjonsområde. Dei årlege risikorapportane i regi Havforskningsinstituttet om miljøeffektar av norsk fiskeoppdrett, er òg ei kjelde til kunnskap om verknadane på artar og økosystem innanfor dei sjøareala der kommunen har planansvar.

Ny kunnskap som vert henta inn i samband med konsekvensutgreiing

Data som vert henta inn i samband med konsekvensutgreiingsarbeidet skal systematiserast og leggjast inn i offentlege databasar, jf. konsekvensutgreiingsforskrifta § 24. For nærare rettleiing om metodikk og databasar for innlegging av data sjå rettleiar M-1324/2019 frå Miljødirektoratet, <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1324/m1324.pdf>



Medverknad

Alle som fremjar eit planforslag skal leggje til rette for god medverknad i planprosessen, jf. pbl §§ 4-1 og 5-1. Plan for medverknad skal skildrast i planprogrammet, og Fitjar kommune har gjort greie for målsetjingar for medverknadsprosessen i avsnitt 7 til planprogrammet. Kommunen har, som nemnt eit særleg ansvar for å sikre at barn og unge og andre som treng spesiell tilrettelegging får delta i planarbeidet etter rundskriv T-2/08 om barn og planlegging, samt H-2302 om medverknad i planlegging. Etter kommunelova § 5-12 skal kommunen også ha eit ungdomsråd, eldreråd og råd for personar med funksjonsnedsetjing – vi føreset at det også vert henta inn synspunkt og råd frå desse utvala i samband med planarbeidet.

Vi føreset også at planarbeidet blir gjort kjent for barne- og ungdomsrepresentanten i Fitjar kommune, jf. plan- og bygningslova § 3-3.

Avsluttande merknad

Vi viser til at presentasjon av eit tidleg utkast av planarbeidet i regionalt planforum er ein nyttig stad for å sikre medverknad og innspel frå myndigheiter i ein tidleg fase, jf. pbl. § 5-3. For å sikre god framdrift i planprosessen stiller Statsforvaltaren difor gjerne på møte saman med kommunen, dersom det er ønskjeleg, for å avklare vesentlege nasjonale interesser tidleg i planprosessen. Vi vil vere opne for ein vidare dialog, i planforum eller eigne temamøte, dersom kommunen ønskjer det.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
kommunaldirektør

Egil Hauge
seksjonsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune

Postboks 7900

5020

BERGEN